



Handlingsplan 2020

for

Kompetansenettverket i Vest-Norge

Sogn Jord- og Hagebruksskule



Innhold

1.	Om Kompetansenettverket i Vest-Norge	3
1.1	Administrasjonen i Kompetansenettverk i Vest-Norge	3
1.2	Styringsgruppa.....	3
1.2.1	Medlemmer i styringsgruppa	4
1.2.2	Planlagde møter 2020	4
2.	Kva for behov har målgruppa?	4
3.	Målsetting for 2020 og prioriterte tiltak	4
4.	Samarbeidspartnarar.....	5
5.	Handlingsplan og budsjett 2020.....	5
	Budsjett for kompetansenettverk i Vest-Norge 2020	5
5.1	Administrasjon.....	5
5.2	Besøksordning	6
5.3	Kurs.....	6
5.4	Andre tiltak og tiltak/endingar gjort knytt til covid-19	6



1. Om Kompetansenettverket i Vest-Norge

Frå 2020 har fylkeskommunane fått eit større ansvar innan landbruk og mat, både gjennom å skulle ta ei tydeligare koordinerande rolle, men også gjennom at ansvar for verkemiddel er flytta.

Oppdragsgjevansvaret for dei fem kompetansenettverka for lokalmat er blitt flytta frå Innovasjon Norge til fylkeskommunane.

Kompetansenettverket i Vest-Norge tilbyr kurs og besøksordning til aktørar som foredlar eigne råvarer eller brukar lokale råvarer i sitt mathandverk. Det vert ytt kunnskap og ulike kompetansetiltak retta mot bedrifter innan næringsmiddel lokalmat. Bedriftene er knytt til landbruket i Vestland fylke. Sogn Jord- og Hagebruksskule tilbyr kurs i mjølkeforedling, innføringskurs og to modulkurs som er opne for deltakarar frå heile landet.

Dei fem Kompetansenettverka i landet samarbeider om grunnmodular og kurs innan kjøttforedling, fruktdrikk og sider, bakst og foredling frukt og bær. Kompetansenettverket i Vest-Norge har ansvar for drift av ystetelefonen i samarbeid med Norsk gardsost. Kompetansenettverket samarbeider med dei andre kompetansenettverka om å utøve besøksordning der vi deler erfaring og kompetanse. Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland driftar Kompetansenettverket i Vest-Norge. Denne handlingsplanen inneheld våre tiltak retta mot målgruppa lokalmatprodusentar og små serveringsstader/reiselivsbedrifter med lokalmat profil.

Målgruppa definert frå Landbruksdirektoratet/oppdragsgivar

Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar også omfattast av ordninga. Utover det matfaglege tilbodet frå kompetansenettverka, blir det ytt hjelp til å løyse marknadsutfordringa gjennom Matmerk sitt tilbod innan marknadstenester.

Viktige nettsider

Sogn Jord og Hagebruksskule: www.sjh.no,

Nasjonal landingsside for Kompetansenettverk lokalmat: <https://mathåndverk.no/>

Facebook: Kompetansenettverk lokalmat vest

Program yste kurs og foredling mjølk vert også lyst ut her: www.norskgardsost.no

Facebook: Norsk Gardsost

1.1 Administrasjonen i Kompetansenettverk i Vest-Norge

Kontorstad: Sogn Jord og Hagebruksskule, www.sjh.no Vestland fylkeskommune.

Kontorfunksjon og rekneskap: Venke Sjursen, SJH. E-post: venke.sjursen@vlfk.no

Dagleg leiar: Aud Slettehaug, tlf. 47375739, E-post: aud.slettehaug@vlfk.no

Styreleiar: Heidi Bjønnes Larsen, tlf. 99613868, E-post: heidi.bjonnes.larsen@vlfk.no

1.2 Styringsgruppa

Oppgåva til styringsgruppa er å vedta årleg handlingsplan for nettverket sitt arbeid som er forankra i ei heilskapleg vurdering av behov og alternative tilbod i regionen. Styringsgruppa skal bidra til å at nettverket sitt arbeid blir gjort kjent i regionen og bidra til at alle tilgjengelege verkemidlar i regionen vert utnytta til beste for dei bedrifter som er kompetansenettverket si målgruppe. Oppgåva til styret er å prioritere rett kompetanse inn til desse bedriftene slik at dei lukkast.



1.2.1 Medlemmer i styringsgruppa

Rolle	Namn	Organisasjon/bedrift
Styreleiar	Heidi Bjønnes Larsen	Vestland fylkeskommune
Styremedlem:	May-Britt Otterlei	Innovasjon Norge Vest
Styremedlem	Bjørn Harald Haugsvær	Fylkesmannen
Styremedlem	Sigrun Løkken	Nøring (Hardanger)
Styremedlem	Åge Eithungjerde	Balholm/Ciderhuset (Balestrand)
Styremedlem	Kjersti Linn Bakke	Ikeland gard (Alvær)

1.2.2 Planlagde møter 2020

Styringsgruppa planlegg 2-3 møter for 2020. Om det lar seg gjennomføre skal 1 av møte vere eit fysisk møte.

2. Kva for behov har målgruppa?

Vi ser no ei gledeleg utvikling i marknaden for lokalmat, der det vert rapportert om vekst i sal frå eigen gard, direktesal på Bondens marknad, REKO-ringar, restaurant og oppleving, daglegvaremarknaden og samarbeid aktørane imellom. Reiselivet etterspør meir og fleire aktørar. Etablerte produsentar melder om utselde varer og planlegg vekst eller auka produksjon. Kompetansenettverket si oppgåve er å tilby mange nok grunnkurs for dei nye som vil starte opp med foredling av alle typar råvarer. Vi ser at det særleg i starten er behov for mykje råd og tilvising som gjer at det er viktig at vi er tilgjengelege på telefon og e-post i denne fasen. Vidare er det mange som ser moglegeheiter for vekst der råvaretilgangen er på plass eller fokusering og spesialisering som ein alternativ strategi.

Det har dei siste to åra vore satsa på grunnmodulopplæring innan faga ysting, kjøtforedling, Ceralia/bakeri, fruktdrikk. Dette vil gi gründeren i landbruket ei grunnopplæring som sikrar lik utdanning over heile landet. Kompetansenettverka samarbeider om å utvikle og tilby grunnmodulane. Vest har særleg kompetanse på mjølkeforedling og drikkevarer frå frukt og bær.

I lys av koronakrisa er det truleg at behova kan endre seg. Då er det viktig å sikre dialog med målgruppa og fleksibilitet i eigen organisasjon.

3. Målsetting for 2020 og prioriterte tiltak

Lokalmatprodusentar i heile fylket, både etablerte og nystarta, bør ha tilgang til det dei treng av kunnskap, kompetanse og nettverk. Det er også sentralt at kompetansenettverket mobiliserer nye aktørar. Deltakarar som har mål om næringsverksemd skal prioriterast som deltakar på dei ulike kursa. Det er viktig å gje tilgang til gode kurstilbod i heile regionen.

Kompetansenettverket i Vest-Norge kan bidra til å nå målet i Handlingsplan for landbruk i Vestland om å *'auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng'* er satt som viktig område for å styrke Vestlands landbruket.'

For 2020 planlegg kompetansenettverket i Vest-Norge for ca. 30 enkeltbesøk hos omtrent 30 bedrifter. Det er også planlagt 11-13 kurstilltak med over 600 undervisningstimar for 2020.



Mars 2020 vart Norge råka av koronakrisa og det er store endringar i samfunnet frå dag til dag. Denne handlingsplanen og lista over tiltak og kurs er laga ut frå ein normaltilstand. I tida som kjem vil det vere viktig å vere fleksible og møte dei behova som kjem frå målgruppa til kompetansenettverket. Kompetansenettverket i Vest-Norge ynskjer å kunne omdisponere nokre av midla i budsjettet under ved behov. Omdisponering vil skje etter dialog internt i Vestland fylkeskommune og med styringsgruppa.

4. Samarbeidspartnarar

Kompetansenettverket i Vest-Norge koordiner tiltaka retta mot målgruppa, og nettverket har god kontakt og oversikt over tiltak og aktivitetar i regionen. Under er ei liste over nokre av dei viktigaste samarbeidspartnarane:

- Norsk Gardsost - nettverk for handverksost og gardsysteri. Vi samarbeider tett med næringa i forhold til kurs, studieturar, fagfolk og områder vi treng utvikling på. Tilbod til heile landet.
- Norsk Hjortesenter – verdikjede hjort HORECA, held eigne kurs i slakting, partering og foredling av vilt og oppdrett.
- Matarena AS – har eige kompetanseprogram retta mot produsent/kokk og formidling, Matfestivalen i Bergen. www.matarena.no
- Nibio Ullensvang og Hjeltnes, Bondens marked, Hanen, Bondelaget og Norsk Bonde og Småbrukarlag.

5. Handlingsplan og budsjett 2020

Budsjett for kompetansenettverk i Vest-Norge 2020	
Tiltak	Kostnad
Administrasjon	537 000
Besøksordning	675 000
Kurs	1 033 000
Dekke underskot frå 2019/2018	187 434
Totalt	2 432 434

5.1 Administrasjon

Administrering av Kompetansenettverket i Vest-Norge er organisert ved at det er tilsett dagleg leiar i 50% stilling. Økonomi og rekneskap vert ført i Vestland Fylkeskommune avdeling Sogn jord og hagebruksskule. Dagleg leiar har også ansvar for å sette i gong og følgje opp kurstiltak og administrere besøksordninga.

5.2 Besøksordning

For 2020 er det lagt opp til ca. 30 enkeltbesøk og ca. 30 bedrifter vil bli fylgt opp med ulike tiltak. Bedriftene vil bli fylgt opp gjennom fysiske besøk, nettmøte, telefon eller større/mindre saker som krev ekstern rådgivar. Ekstern rådgivar kan vere fagfolk som Kompetansenettverket i Vest-Norge har knyta til seg og som kjenner næringa godt, men det kan også vere fagekspertise som produsenten sjølv etterspør. Dersom bedriftene vil i gong med oppgåver av større omfang hjelper Kompetansenettverket i Vest-Norge til med å søke midlar til utviklingstiltaket. Besøksordninga er eit første steg for å løyse næringsmiddelfaglege spørsmål. Matmerk har eiga oppfylging av produsentar som skal distribuere varene sine i butikk og treng digitalisering av produkta.

5.3 Kurs

Totalt i kursmidlar kr. **1 033 000**

Det er planlagt 11-13 kurstiltak med over 600 undervisningstimar for 2020.

Eigenandel for kursa kjem i tillegg.

Tal på kurs	Kurs	Innhald	Totale Kostnader
2	innføring mjølkeforedling x 2 kurs	Innføringskurs i mjølkeforedling, rå mjølk. Over 5 dagar.	215 000
1	modul 1 mjølkeforedling	Foredling mjølk del 1, 8 dagar	140 000
1	modul 1 mjølkeforedling #2	Foredling mjølk del 1, 8 dagar	140 000
1	Fordjuping/ekstra kurs mjølk	Symposium Torbjørnrud, NG	65 000
1	kjøtt grunnkurs	Grunnkurs kjøtforedling M0	63 000
1	Fagdag kjøtt	Pølser og farsar	60 000
1	Plukk Vilt	Smøla NATT, samarbeid med Midt	50 000
1	Cider og fruktvin	Studietur DK	110 000
1	Grunnmodul kjøtt	farsar, pølse, pakking og regelverk	160 000
1	Prisfastsetting	Fagdag prisfastsetting og distribusjonsavtalar	30 000
	Andre tiltak	Avsett midlar til andre tiltak	0
Totalt			1 033 000

5.4 Andre tiltak og tiltak/endingar gjort knytt til covid-19

Mars 2020 vart Norge råka av koronakrisa. Per i dag er vanskeleg å vite kor lenge restriksjonane i samfunnet knytt til korona vil vare og kva konsekvensar desse restriksjonane får for målgruppa. Denne handlingsplanen og lista over tiltak og kurs er laga ut frå ein normaltilstand. Under er det lista opp endingar i kurs og nye tiltak som mest truleg må gjerast på kort og lengre sikt.

Endingar i tiltak:

- Sjå på modeller der teoridelen er nettbasert på 2-3 timars økter for yste kurs og innføringskurs. Halde kortare praktiske samlingar - kanskje fordelt rundt om i landet til hausten.



- Plukkvalt kursa vert truleg avlyst i fysisk form. Kompetansenettverket i Vest-Norge har ein del videoar liggande frå tidlegare samlingar. Motivere kokkar og andre til å utforske <https://vimeo.com/269145899> . Kompetansenettverket i Vest-Norge skal produsere konkrete haustetips og oppskrifter / trygg hausting med Nils-Henning Nesje.
- Bruke litt av kursbudsjettet til å produsere motivasjonsfilm. Filmen kan også bli tilgjengeleg på Nadla.no (vidaregåande opplæring). Bruk av tang i matlaging. Kan også ha eit nettseminar om dette temaet.
- Studietur Danmark sider/fruktvin går ut. Gjennomføre ein nettversjon. Professor frå Danmark er positiv til å gjennomføre fordrag online. Streame foredraga, då kan vi få med så mange som mogeleg også hjelpeapparatet kan fylje forelesingane.
- Modul 1 som skal gå i oktober - her håper vi at vi får ha kurset som normalt.

Nye tiltak:

- Det kjem til å bli aukande behov for tiltak innan sal og marknadsføring.
- Nettbutikk – fleire må få på plass nettløysingar.
- Redde bedrifta - næringssselskapa i kommunane kan vere førstelinje, men kanskje ha ein hjelpetelefon/samtaleløysing for dei som kjem i utfordrande situasjonar. Ikkje sikkert ein har løysingar, men at dei har nokon å drøfte med - enten medprodusentar eller våre samarbeidspartar.
- Tiltaka må bli gjennomført i dialog med Norsk gardsost, Hanen, Bondes marked og andre relevante aktørar.